

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 03.07.2014

Vår ref.: 200905410-7

Arkiv: 315-112.3AZ

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Anne Karine Herland

Vedtak om revisjon av konsesjonsvilkår for Svorka kraftverk i Surnadal kommune, Møre og Romsdal

Det skal gjennomførast revisjon av vilkåra i medhald av vassdragsreguleringslova. Revisjonssaka gjeld vilkåra for følgjande konsesjon/konsesjonar:

Kgl. res. av 18-12-1959: Regulering av Svorka og Lille Bævra og overføring av Lille Bævra og Brandåa

Svorka kraftverk fekk opphavleg konsesjon i 1959. I 1961 blei Svorka kraftselskap omgjort til aksjeselskap med Møre og Romsdal fylke, seks kommunar og NVE/Statkraftverkene som eigarar. Det nye selskapet fekk ein eigen konsesjon i 1962, som var tilnærma likelydande som konsesjonen frå 1959.

Innkomne krav

Vi viser til brev og krav frå Surnadal kommune av 16.05.2013. Krava gjeld revisjon av vilkår for konsesjon gitt ved:

- Kgl. res. av 18-12-1959: Regulering av Svorka og Lille Bævra og overføring av Lille Bævra og Brandåa

Formålet med revisjonen

Vi viser til at hovudformålet med ein revisjon er å betre miljø- og naturforholda ved å avbøte ulemper og negative verknader ved utbygginga. Bestemmingar i konsesjonen om høgaste og lågaste regulerte vasstand (HRV og LRV) samt overføringar kjem ikkje inn under kva som kan reviderast. Men revisjonen opnar for å vurdere endring i mellom anna manøvreringspraksis, minstevasslipp, biotopjusterande tiltak og utsetting av fisk.

NVE vil i si handsaming følgje OED sine ”Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragskonsesjoner” av 25.05. 2012.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthungsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Krava

Surnadal kommunestyre gjorde 12.05.2009 vedtak om å krevje revisjon av konsesjonsvilkåra for Svorka kraftverk, og ei arbeidsgruppe fekk mandat til å påpeike og grunngi behovet for endringar.

Arbeidsgruppa satt som mål at revisjon skulle gi endringar i drifta slik at:

1. Stamma av laks og sjøaure i Bævra når eit berekraftig nivå før det er for seint.
2. Friluftsverdiane knytt til reguleringsmagasina på Nordmarka blir styrka.

Basert på kunnskapen til arbeidsgruppa sine medlemmer, innspel frå allmenta og tilgjengeleg faglitteratur har faggruppa identifisert problem som truar dei anadrome verdiane i Bævra og friluftsverdiane på Nordmarka. Med heimel i kongeleg resolusjon av 15.06.1962, pkt. 13, påla Miljødirektoratet (tidligere Direktoratet for naturforvaltning) regulantane å utføre ferskvassbiologiske undersøkingar i Bævravassdraget. Undersøkingane blei utført av NINA i to periodar, 2005-2008 og 2009-2013. Desse undersøkingane viste reguleringsrelaterte negative konsekvensar for laks, sjøaure og botndyr i Bævra og for fisk tilknytt magasina og elva Svorka på Nordmarka. Resultata vil ifølgje Miljødirektoratet være interessante i samband med revisjon av konsesjonsvilkåra.

Surnadal kommune har følgjande krav til endringar av og/eller tillegg til dagens manøvreringsreglement og vilkår, i prioritert rekkefølge:

1. Tiltak for at dagens start/stopp-kjøring nedanfor Svorka kraftverk blir redusert.
 - Utskifting av eksisterande turbin til ein eller to nye turbinar for å oppnå ei miljøbasert minstevassføring.
 - Prøvereglement med utprøvingstid på 5 år.
 - Opprette eit manøvreringsråd i prøvetida.
 - Etablering av tersklar og buner nedstraums kraftverket hadde vore ein fordel.
2. Mindre grad av nedtapping av magasina i sommarmånadane – låg vasstand i magasina er tidvis eit problem for utøving av friluftsliv.
 - Innføre grenser for nedtapping av magasina i perioden 15. juni – 30. september.
3. Minstevassføring oppstraums Svorka kraftverk – for å auke smoltproduksjon.
 - Prøvereglement, med utprøvingstid på 5 år, med ei miljøbasert minstevassføringa som i så stor grad som mogleg følgjer det naturlege årstidsmønsteret. Eit manøvreringsråd skal gi råd i utprøvingstida.
4. Forbisleppingsventil i Svorka kraftverk.
5. Tiltak for å lette oppgangen av fisk forbi utløpet av Svorka kraftstasjon. Tiltaka bør ha som formål å 1) hindre at fisk blir tiltrekt av vasstraumen frå utløpet, og 2) redusere opphoping av grusmassar ved utløpet.
6. Bygging av tersklar i Svorka på strekninga mellom Geitøyvatnet/Andersvatnet og Langvatnet.
7. Fiske- og miljøforbetrande tiltak på den kanaliserte strekninga oppstraums samløpet med Svorka.
8. Tilrettelegging av stader kor ein kan kome ned til magasina med båt – reguleringssonene er for bratte.
9. Utfisking av magasina på Nordmarka for å auke næringstilgangen for den enkelte fisk. Det er særleg behov for utfisking av røye. Nedtapping og tørrlegging av areal i vasskraftmagasina er årsak til redusert næringstilgang.
10. Reparasjon av vegfylling i austenden av Krokvatnet – bølgeerosjon på høgvasstand er årsaka til skaden.

I tillegg til krava nemnt i punkt 1–10 krev Surnadal kommune at alle NVE sine standardvilkår for vassdragsreguleringsaker som er aktuelle for Svorka-reguleringa blir innført i samband med revisjonsprosessen.

For meir detaljar og forslag til forbetringar sjå krav-dokument på sakens nettside

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=7241&stadium=&type=11>.

Kommentarar frå konsesjonær

Statkraft AS har i brev av 6. mai 2014 kommentert krava frå Surnadal kommune. Vi gjev att hovudtrekka i kommentarane:

Krav nr. 1: Tiltak for at dagens start/stopp-kjøring nedanfor Svorka kraftverk blir redusert.

Statkraft skriv at ønsket om endra manøvrering av kraftverket er grunngitt ut frå fiskebiologiske undersøkingar som viser at ungfisk og botndyr strandar nedstrøms Svorka kraftverk. Statkraft meiner at regulanten har imøtekome dette ønsket ved å innføre trinnvis nedkøyring og stopp av kraftverket, i samsvar med fiskefaglege anbefalingar.

Statkraft meiner vidare at eit prøvereglement ikkje er relevant, ettersom dette er ei ordning som blir tatt i bruk inntil eit fast manøvreringsreglement er endeleg utforma. Svorka kraftverk har hatt eit endeleg reglement i 30 år, og Statkraft meiner derfor at NVE må avvise dette kravet. Også kravet om innføring av manøvreringsråd meiner Statkraft at må avvistas av NVE. Statkraft er skeptisk til eit slik råd fordi det vil kunne bidra til uklare ansvarsforhold.

Kommunen sitt krav om ein eller to nye turbinar meiner Statkraft det er for tidleg å ta stilling til. Dersom det ved ein vilkårsrevisjon skulle komme krav til minstevassføring vil regulanten avgjere val av teknisk løysing. Statkraft reknar val av teknisk løysing for å være utafor rammene sett av vilkårsrevisjonsinstituttet.

Krav nr. 2 Mindre grad av nedtapping av magasina i sommarmånadane, perioden 15. juni – 30. september

Statkraft påpeiker at mange av hyttene har blitt bygd etter reguleringa, og som ein konsekvens av at området blei opna med anleggsvegar. Statkraft hevdar at det vil være vanskeleg å tilbakeføre eller kompensere for eit område som allereie er regulert til anna bruk, i tillegg kan det diskutast om hytteigarar representerer ei allmenn interesse.

Vidare understrekar Statkraft at å innfri både krav om minstevassføring og restriksjonar på magasina på Nordmarka vil medføre innskrenking i produksjonsfleksibiliteten, som igjen vil ha konsekvensar for produksjon, inntening og auka risiko for skadeflom. Statkraft meiner at i eit system med så liten reguleringsgrad (20 %) som Svorka kraftverk, vil miljøforbetringane ein får ved å innføre minstevassføring og magasinrestriksjonar ikkje kunne forsvare dei reguleringsmessige ulempene det vil føra med seg.

Krav nr. 3: Minstevassføring oppstrøms Svorka kraftverk

Statkraft påpeiker at kravet vil føresetje vasslipp frå magasina på Nordmarka, og dermed medføra ei reduksjon i dagens fornybare energiproduksjon i Svorka kraftverk. For å sikre større vassdekt areal på strekninga foreslår Statkraft at det alternativt kan vurderast fysiske tiltak i elva.

Krav nr. 4: Forbisleppingsventil i Svorka kraftverk

Statkraft meiner dette er eit forslag til ei teknisk løysing knytt til andre krav, og vil derfor ikkje kommentera dette nærmare.

Krav nr. 5: Tiltak for å lette oppgangen av fisk forbi utløpet av Svorka kraftstasjon

Statkraft nemner at regulanten ved fleire anledningar har fjerna massane som har bygd seg opp ved utløpet av Svorka kraftstasjon. Statkraft er samd i at ei meir permanent løysing bør iverksetjast for å ivareta fiskeoppvandringa. Regulanten har allereie ein pågåande prosess og arbeid rundt dette kravet.

Krav nr. 6: Bygging av tersklar i Svorka på strekninga mellom Geitøyvatnet/Andersvatnet og Langvatnet

Statkraft meiner at dette er eit tema som vil kunne omfattast av standard naturforvaltningsvilkår, og at dette også må sjåast i samanheng med problemstillinga rundt ørekyte. Bygging av tersklar vil ifølgje Statkraft kunne føre med seg ei uønska effekt og spreing av ørekyte til fleire delar av vassdraget.

Krav nr. 7: Det må utførast fiske- og miljøforbeholdende tiltak på den kanaliserte strekninga oppstrøms samløpet med Svorka

Statkraft meiner at dersom det er aktuelt med tiltak frå regulantens side bør det skje i samband med NVE og ev. andre aktørar som har ansvar for rørlegging. Statkraft meiner vidare at kravet må sjåast i samanheng med krav nr. 3.

Krav nr. 8: Tilrettelegging av stader kor ein kan kome ned til magasina med båt

Statkraft opplyser om at det i forbindelse med vedlikehaldsarbeid på dammen er planlagt å leggje til rette for utsetting av båt.

Krav nr. 9: Utfisking av magasina på Nordmarka

Statkraft meiner at kravet kan omfattast av standardvilkåra.

Krav nr. 10: Reparasjon av vegfylling i austenden av Krokvatnet

Statkraft vil komme tilbake til dette kravet dersom det blir opna for vilkårsrevisjon.

NVE si vurdering og konklusjon

Det er NVE sitt syn at det ved ein vilkårsrevisjon skal leggest vekt på miljøforbeholdende tiltak. Dei miljømessige verknadane som er tekne opp i krava påverkar allmenne interesser som ligg innanfor det som kan ivaretakast gjennom konsesjonsvilkåra. Behovet for slike vilkår blir best vurdert gjennom ein revisjonsprosess.

I våre behandlingsprosedyrer ligg det ikkje inne nokon formell godkjenning av kva krav som skal inn i revisjonsdokumentet eller ikkje. Vi meiner at eventuelle krav i gråsona, eller krav ein ikkje er samd i, bør takast med og kommenterast i revisjonsdokumentet. Det bør bli gitt ei kort grunngiving for kvifor krav eventuelt blir avvist. Det vil gje høringspartane moglegheit til å kom med informasjon og innspel til både krav og Statkraft sine vurderingar og kommentarar til desse, samstundes som dykk får høve til å kommentere høringsinnspela. Det vil gje NVE eit betre grunnlag når vi skal vurdere kva krav som skal takast til følgje eller ikkje.

NVE vedtek at det skal gjennomførast ein vilkårsrevisjon etter vassdragsreguleringslova § 10 nr. 3 med grunnlag i vurderingane over. Revisjonssaka gjeld vilkåra for følgjande konsesjonar gitt ved Kongelig resolusjon av:

- Kgl. res. av 18-12-1959: Regulering av Svorka og Lille Bævra og overføring av Lille Bævra og Brandåa

Vidare saksgang

NVE ber om at Statkraft Energi AS og Svorka Energi AS utarbeider eit revisjonsdokument i tråd med mal for revisjonsdokument som finnast i vedlegg 2 i OED sine ”Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragskonsesjoner”. Retningslinjene ligg i sin heilskap på våre heimesider.

Ved utarbeiding av revisjonsdokumentet skal ein leggje vekt på dei forholda som går fram av kravdokumenta. Ved behov for ytterlegare presisering og prioritering av krava bør dette skje i dialog mellom dei som har framsett krava, Statkraft Energi AS, Svorka Energi AS og NVE med formål å få fram eit best mogleg underlag for revisjonsdokumentet. Om det er aktuelt å samordne opprustings- og utvidingsprosjekt med revisjonen må den vidare prosessen rundt dette avklarast i dialog med dei som har framsett krava og NVE før utarbeiding av revisjonsdokumentet. Revisjonsdokumentet skal innehalde kontaktinformasjon til sakshandsamar i NVE og sakshandsamar i Statkraft Energi AS og/eller i Svorka Energi AS.

Revisjonsdokumentet skal sendast til NVE for kvalitetskontroll før det kan endeleg godkjennast og sendast på høyring. Vi ber om at det blir laga eit utkast til revisjonsdokument **innan 26. januar 2015**. Ta gjerne kontakt med vår sakshandsamar for å avklare innhaldet i dokumentet.

NVE vil sende revisjonsdokument til partar som saka vedkjem for uttale. Dokumentet blir lagt ut til offentleg ettersyn lokalt og på internett, og kunngjort i lokalpressa. Det vil etter høyringa bli ei synfaring i området, ev. også hald møte med kommunane. NVE skal etter dette gi si innstilling til Olje- og energidepartementet.

For nærmare informasjon om sakshandsaminga viser vi til OED sine ”Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragskonsesjoner” og til NVE sine heimesider (<http://www.nve.no/Konsesjoner/Vannkraft/Revisjon-av-vilkaar/>).

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakerliste:



Statkraft Energi AS
Svorka Energi AS

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Norges vassdrags- og energidirektorat - Region Vest
Olje- og energidepartementet
Surnadal kommune
Vannregionmyndigheten Møre og Romsdal v/Håkon Slutaas